

Referat frå ekstra rådsmøte 24. april 2015.

Tilstades: Regionordførar Jon Svartdal, Hilde Alice Vågslid, Erik Skjervagen, Arne Vinje, Halvor Homme, Torstein Tveito, Kari-Gro Espeland, Brit Houge, Ketil Kiland, Jan Myrekrok, Sverre Sæter, Øystein Tveit, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 14/2015 Referat frå rådsmøte 17. mars 2015.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 17. mars 2015 vart samrøystes godkjent.

Sak 15/2015 Disponering av grunnfondsmidler

Saken var oppe også i rådsmøte 17. mars der det vart sett ned ei arbeidsgruppe beståande av Jon Svartdal, Erik Skjervagen, Brit Houge, Øystein Tveit, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes. Gruppa rådde til å dele ut 1 mill kroner til kvar av kommunane på vilkår at midlane skal nyttast til aksjeinnskot i Vest-Telemark Næringsbygg. Etter nytt møte i arbeidsgruppa vart det utarbeidd eit alternativt forslag til fordeling mellom kommunane der utbetalingane bygde på fordelingane til Fellesfondet frå Konesjonskraftstyret

Vedtak: Vest-Telemarkrådet rår Tinget til å gjera formelt vedtak om å utbetale 6 mill kroner i grunnfondsmidler til kommunane i regionen. Midlane vert fordelt etter ein fordelingsnøkkel som går fram av "Revidert konsesjonskraftbudsjett for år 2010" frå Konesjonskraftstyret.

Utbetalingane er endelege og utan verknad ved mogleg oppløysing av Vest-Telemarkrådet.

Det er ein føresetnad for dei enkelte utbetalingane at midlane vert nytta til aksjeutviding i Vest-Telemark Næringsbygg

Sak 16/2015 Søknad til Byregionprogrammet.

Ole Dalen orienterte nærare frå arbeidet med søknaden til Byregionprogrammet.

Det er no gjennomført ei samfunnsanalyse der Olav A. Veum i Vest-Telemark Næringsforum har vore engasjert. Analysa tek utgangspunkt i ei hypotese der ein vil utvikle regionen gjennom fleirkjernestruktur i tilknytning til eksisterande eller planlagte næringshagemiljø.

Søknadsfristen er sett til 1. mai.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet går inn for å sende søknad til "Utviklingsprogrammet for byregionar (ByR)" på grunnlag av samfunnsanalyse og prosjektplan for Vest-Telemark som er utforma i tråd med det gjennomførte forstudiet.

Tokke kommune er søkarkommune, og det planlagte arbeidet vert organisert gjennom Vest-Telemarkrådets administrasjon.

Arbeidsgruppa med kontaktpersonar frå kommunane får mandat til å justere søknaden i fellesskap før den sendast inn.

Sak 17/2015 Saker til møte med Telemarksbenken 13. mai.

Sidan den avtalte møtedatoen er dagen før Kristi Himmelfartsdag og det er oppstade usikkerhet om kor mange av stortingsrepresentantane som har høve til å møte, har det vore ein vidare dialog med Terje Lien Åsland. På denne bakgrunn fann ein å måtte vurdere møtedato på nytt.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet går for å endre datoen for møtet med Telemarksbenken til 20. mai.

Fylgjande skal delta frå Vest-Telemarkrådet:

I tillegg møter vegsjef Kjell Solheim, Børge Skårdal frå Haukelivegen AS, (Andreas Kjær), Geir Ufs frå Vest-Telemark Blad

Sak 18/2015 Kommunereformen, status og vidare arbeid

I denne saken møtte Bent Aslak Brandtzæg frå Telemarksforsking, Per Dehli frå Fylkesmannen i Telemark og Hanne Winberg frå Kommunenes Sentralforbund.

Administrasjonen orienterte innleiingsvis om status i prosessen. Telemarksforsking er engasjert som konsulent i det vidare arbeidet.

Det vart lagt fram oversikt med milepælar for det vidare arbeidet, og fastsett møtedato for det fyrste møtet i styringsgruppa:

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.